

Vekeplan for 4. trinn veke 39



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30 - 09:30	Lesekvart Norsk Sjimpansen som blei astronaut	Lesekvart Norsk Språkverkstad e for æ	Lesekvart Kunst og handverk	Lesekvart Engelsk All about Me	Lesekvart Norsk Forteljarstol
09:45 - 10:40	Matte Hovudrekning med addisjon og subtraksjon	Matte Hovudrekning med addisjon og subtraksjon	Timen Livet 	Skolefotografering Matte Hovudrekning med addisjon og subtraksjon	Vekeslutt Loggbok 
10.40- 11:30	Mat og midttide				
11:30 - 12:15	Tema 	Lese og rekne stasjonar 	Uteskule Vi lagar lapskaus på bål 	Musikk 	Svømming 
12:25 - 13:10				Bibliotek 	
	Slutt 13:10	Slutt 13:10	Slutt 13:30	Slutt 13:10	Slutt 13:10

Hugs:

- Les leseleksa i heftet kvar dag for ein vaksen. Hugs å skrive korleis lesinga har gått.
- Klede til uteskole på onsdag.
- Fyll ut samtykkeskjema på Vigilo

Informasjon heim.

Hei.

Denne veka startar vi opp med utviklingssamtalar.

Forteljarstol


Framover skal elevane etter tur få ha forteljarstol på fredagar. Då får ein elev ta med seg ein ting som han eller ho har lyst til å vise fram og fortelje om til resten av klassen. Det kan til dømes vere ei leike, ei bok, ein gjenstand eller noko anna som betyr noko for eleven.

Det er ikkje lov til å ta med levande dyr 😊 Dersom eleven ønskjer å fortelje om eit kjæledyr, kan han eller ho ta med eit bilete. De kan også sende bilete til meg på e-post (sandra.osterbo@bergen.kommune.no), så viser vi det på skjermen i klasserommet.

Denne fredagen er det Oline som skal ha forteljarstol. Vi gler oss til å høyre kva Oline har lyst til å fortelje om!

Torsdag er det skulefotografering. Hugs å fylle ut samtykke i Vigilo dersom de ikkje allereie har gjort det.

Mål vi jobbar mot denne veka:

Norsk 	• Eg kan lese ein tekst og finne viktig informasjon. • Eg kan fortelje med eigne ord kva ein tekst handlar om. • Eg kan bruke rettskrivingsreglar når eg skriv.
Matte 	• Eg kan rekne addisjon og subtraksjon i hovudet. • Eg kan velje ein smart måte å rekne på. • Eg kan forklare korleis eg tenkjer når eg reknar.
Engelsk 	• I can tell others about myself in English. • I can use simple sentences to talk about my family and things I like.
Tema	• Eg kan fortelje korleis plast hamnar i havet. • Eg kan forklare kvifor plast kan vere skadeleg for dyr og natur. • Eg kan fortelje kva vi kan gjere for å få mindre plast i naturen
Sosialt arbeid 	• Eg kan lytte når andre snakkar. • Eg kan snakke framfor klassen og fortelje om noko eg er interessert i. • Eg kan vise interesse og stille spørsmål når andre fortel.

